



MØTEBOK

Møte: 4-2018
Møtedato: Onsdag 24.10.2018
Møtestad: Viefluno, Rådhuset
Tid: 19.00

Desse møtte:

Roald Stautland, Asbjørn Gundersen, Sammy Olsen, Trygve Totland, Berit Hallaråker, Mona Ingvaldsen Hodne, Odd Ingvar Nilsen (1. vara for Solfrid Lønning), Elisabeth Bjørnevik, Odd Kåre Sakseid, Elin Taranger og Trygve Leigland.

Roald Stautland leia møtet. Berit Hallaråker hadde ord for kveld.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2018-04-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 3 – 2018 vart godkjent.

2018-04-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Det vart gjeve statusrapport for korleis ein ligg ann med prosjektet «Oppgradering av mur ved Bømlo gamle kyrkje». Fleire tilbydarar var på synfaring, men i første rekke var det kort frist på prosjektet som gjorde at mange melde seg av konkurransen. Eitt tilbod over budsjettramme. Tidsperspektivet vart utvida og eitt nytt tilbod, men også dette over budsjettramma. Alternativ vart drøfta.
2. Status for framgangen med «Oppfylling av felt D på Lykling» vart gjeven. Dialog med Roger Tokle/ Landskapsarkitekten AS. Kostnadsestimat er gjeven. Nokre rundar med endringa av gravstorleik m.m. Soknerådet har hatt saka og uttalt seg.
3. Leiar i orgelkomiteen, leiar i fellesrådet og kyrkjeverja har hatt møte og valt Arne Martin Aandstad som konsulent for orgelprosjektet på Moster. Aandstad vert rekna som aspirant innan konsulenttenesta for orgelbygging då han enda ikkje har ferdigstilte prosjekt. Det er enda ikkje skrive kontrakt med Aandstad.
4. Det vart informert om steinhellene på Moster der det framleis er lite nytt, men der Trygve Landmark er kontakt ein heil del gonger og har gjeve uttrykk for at no skal jobben gjerast.
5. Det vart informert om byte av varmepumpe i Moster kyrkje.

2018-04-03 KVARTALSRAPPORT 3. KVARTAL

Nokre nøkkeltal for 3. kvartalsrapporten var gjennomgått. Differansen mellom budsjett og rekneskap er – 48 000 noko som ikkje er urovekkjande.

For 4. kvartal har ein fleire postar der ein veit ein har inntekter, men som ikkje er periodisert til 4. kvartal. Dette vil dermed redusere differansen mellom budsjett og rekneskap for 4. kvartal på akkurat desse postane, og også samla sett på totalen.

Vedteke:

- 1. Fellesrådet tek kvartalsrapporten for 3. kvartal til vitande.***

2018-04-04 REVIDERING AV BUDSJETT FOR 2018

Det vart påpeikt den manglande nytta av å revidere budsjett så seint på året. Det vart informert om justering av budsjettinntekter knytt til festeavgifter og aktivitetsutgifter og inntekter. Disponering av fjorårets rekneskapsmessige mindreforbruk var heller ikkje med i opprinneleg budsjett. Etter vedtak i møte 2 – 2018 vart 251' sett av til ubundne fond, medan 101' vart overført til investeringsmidlar. Korrekt budsjett for Estlandskomiteen sitt arbeid var heller ikkje med i opprinneleg budsjett.

Vedteke:

- 1. Fellesrådet vedtek revidert budsjett for 2018***

2018-04-05 BUDSJETT FOR 2019

Forslag til budsjett for 2019 var lagt fram. Det vart gjeve tilbakemelding om at oppsett for budsjettet bør vera meir likt kvartalsrapporten, der heile drifta for fellesrådet er samla. Samstundes som ei oversikt fordelt på tenester bør vera med som vedlegg. Vidare vart det gjeve tilbakemelding om at det må utarbeidast ei prioriteringsliste for vedlikehaldstiltak som ein tenkjer å nytta driftsmidlar til. Ein må få på plass ei fagleg kartlegging av vedlikehaldsbehovet på kyrkjene.

Vedteke:

- 1. Fellesrådet vedtek foreløpig driftsbudsjett for 2019 i balanse med bruk av ubundne fond.***
- 2. Fellesrådet ber om endeleg budsjett til første møte i 2019 etter vedteke tilskot frå kommunen.***
- 3. Fellesrådet er inneforstått med eit underskot i 2019 på 117'***
- 4. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek foreløpig forslag på bruk av ubundne fond på 67'***

2018-04-06 ØKONOMI- OG DELEGERINGSREGLEMENT

Endingar i økonomireglementet vart gjennomgått og drøfta.

Vedteke:

- 1. Fellesrådet vedtek revidert økonomireglement.***

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje